

# Skuleregler for Ytre Arna skule



Ytre Arna skule er ein arbeidsplass for mange barn og vaksne. Skulen sin visjon er: «Trivsel, tryggleik og læring for alle!»

For å gjere visjonen vår sann treng vi reglar som alle kan følgje. Dei fortel korleis vi skal ha det på Ytre Arna skule og kva tiltak som blir sett i verk om nokon bryt reglane. Skulereglane gjeld for både skulen og SFO frå kl.07.30 -16.30.

*Som elev har du rett til eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.*

## **Det betyr at du har rett til**

- at andre elevar og vaksne snakkar fint til deg og om deg
- å bli behandla med respekt
- å få vera med i leik og andre aktivitetar på skulen
- å bli høyrd
- å få ha tinga dine i fred
- eit skulemiljø som er reint og ryddig

*Som elev har du plikt til å arbeida for eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.*

## **Det betyr at du skal visa god orden.**

### **God orden er å**

- halda det reint og ryddig rundt deg på skulen
- møta presis på skulen og til undervisninga
- ha med nødvendig utstyr
- gjera skulearbeidet ditt så godt du kan til rett tid
- ta vare på eigedomen og utstyret til skulen
- følga reglane knytt til bruk av digitalt utstyr og program i *Reglar for elevar om bruk av digitalt utstyr, programvare og internett*

## **Det betyr òg at du skal visa god åtferd.**

### **God åtferd er å**

- seie hei til kvarandre
- snakka fint til andre og om andre
- behandla andre elevar, tilsette og skulen sine naboar med respekt
- la andre elevar få vera med i leik og andre aktivitetar på skulen
- lytta til andre
- vera på skulen og ta del i undervisninga heile skuledagen
- følga beskjedar frå dei vaksne på skulen
- la andre sine ting vera i fred
- berre ta eller dela biletet, film eller lydopptak av andre dersom desse samtykkjer til dette
- få godkjenning frå foreldra før biletet av elevar under 15 år vert publisert på nettet
- følga reglane knytt til nettvett i *Reglar for elevar om bruk av digitalt utstyr, programvare og internett*

Vald, truslar, mobbing, rasisme og all form for sjikane, krenking eller trakassering, fysisk, verbalt eller digitalt, er forbode. Det same gjeld tjuveri, skadeverk, farleg leik, fusk, skulk, banning og bruk av grovt språk.

Det er ikkje lov å ha med eller nytta rusmiddel, røyk, snus, våpen eller farlege gjenstandar. Det er heller ikkje lov å vera påverka av rusmiddel.

På YA brukar ikkje elevane **mobiltelefon** når dei er på skulen sitt område. Eit unntak er om det er avtalt med ein vaksen. I skuletida ligg mobilen trygt i felles «mobil-hotell», eller i sekken med lyden av. Kva løysing som blir valt, er avhengig av ordning på trinnet.

### Tiltak som kan nyttast som reaksjon ved brot på ordensreglementet

Følgjande tiltak kan nyttast som reaksjon ved brot på ordensreglementet:

#### 1. Melding/rettleiing

- a) Eleven får munnleg/skriftleg melding og rettleiing.
- b) Foreldra får munnleg/skriftleg melding.

#### 2. Samtale

- a) Samtale mellom elev og lærar/rektor med vekt på positiv ønska åferd.
- b) Samtale mellom elev, foreldre og lærar/rektor med vekt på positiv ønska åferd.

#### 3. Moglegheit for eleven til å gjera opp for seg

- a) Eleven får høve til å seia unnskyld til den eller dei som er blitt behandla respektlaust.
- b) Eleven får høve til å rydda/ordna skaden/forsøplinga som eleven har påført skulen.

#### 4. Inndraging av gjenstandar

- a) Digitale einingar, som til dømes mobiltelefon eller nettbrett kan inndragast for inntil ein skuledag dersom dei vert brukt i strid med reglementet til skulen.
- b) Digitale einingar som utan samtykke er brukte til å fotografera og/eller gjere lydopptak av andre, skal inndragast.  
Er det mistanke om at fotograferinga og/eller lydopptaket er i strid med straffelova, skal den digitale eininga overleverast til politiet. I slike høve skal skulen varsle foreldra til eleven.
- c) Snus, tobakk, alkohol og farlege gjenstandar skal inndragast av skulen og leverast til foreldra.
- d) Ulovlege rusmiddel og våpen skal inndragast og overleverast til politiet. Foreldra til eleven skal i slike tilhøve alltid varslast av skulen.

#### 5. Restriksjonar

Skulen kan avgrensa eleven sin bruk av utstyret til skulen, og/eller avgrensa kor fritt eleven kan bevega seg på skuleområdet.

#### 6. Pålegg om å vera til stades

- a) Eleven kan bli pålagd å vera til stades på skulen før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærar, rektor eller den rektor peikar ut til å gjennomføre samtalен.
- b) Eleven kan bli pålagd å utføre oppgåver før eller etter skuletid for å retta opp skadar som eleven er ansvarleg for.

#### 7. Pålegg om å rette opp skade

Eleven kan bli pålagd å rette opp skade som eleven er skuld i.

## **8. Bortvising**

Eleven kan bli vist bort frå undervisninga for enkelttimar eller resten av dagen etter alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet, jf. opplæringslova § 9 A–11 første ledd.

# **REGLAR FOR ELEVAR PÅ 1.–4. TRINN OM BRUK AV DIGITALT UTSTYR, PROGRAMVARE OG INTERNETT**

## **Informasjon til foreldre**

- Det finst nettsider som dubestemmer.no, slettmeg.no og barnevakten.no som kan gi hjelp og rettleiing.
- Ved mistanke om lovbroten kan skulen lesa og eventuelt fjerna det klassen og eleven har lagra på skulen sine datamaskiner og skytenester.
- Aktivitet i skulen sitt datanettverk og datamaskiner kan bli loggført, og data kan sporast tilbake til den som har produsert dei.
- Det finst alltid ein viss fare for at data som er lagra lokalt eller på nettet, kan komma på avvegar, og det skal difor ikkje lagrast sensitive opplysningar på kommunen sine digitale einingar og nett.
- Bergensskolen følger Datatilsynets reglar om offentleggjering av bilete på nett, og biletet av elevar under 15 år skal vera godkjent av foreldra før ei eventuell publisering.

## **Eg skal**

- ta vare på det digitale utstyret og programvarene til skulen
- halda passordet mitt for meg sjølv
- meld frå til skulen og laga eit nytt passord dersom andre får vita passordet mitt
- alltid oppgi kjelder viss eg nyttar andre sine biletar, tekstar, lydopptak eller filmar
- meld frå til ein voksen heime eller på skulen viss det dukkar opp noko som er ulovleg, skummelt eller ekkelt på internett

## **Eg skal ikkje**

- mobba eller komma med stygge kommentarar på nettet
- ta eller dela biletar eller film av andre utan å ha fått lov
- bestilla noko med datautstyret til skulen
- söka etter, skriva ut, setta bokmerke ved, lagra eller senda ulovleg, ekkelt eller skummelt innhald

**Eg skal følga skulen sine reglar for handtering og riktig bruk av digitalt utstyr. Eg veit at dersom eg ikkje følger desse reglane, kan eg verte fråteken tilgang til skulens digitale utstyr, program og internettbaserte tenester i ein periode.**

## **REGLAR FOR ELEVAR PÅ 5.–10. TRINN OM BRUK AV DIGITALT UTSTYR, PROGRAMVARE OG INTERNETT**

### **Informasjon til elevar og foreldre**

- Det finst nettsider som dubestemmer.no, slettmeg.no og barnevakten.no som kan gi hjelp og rettleiing.
- Ved mistanke om lovbroter kan skulen lesa og eventuelt fjerna det klassen og eleven har lagra på skulen sine datamaskiner og skytenester.
- Aktivitet i skulen sitt datanettverk og datamaskiner kan bli loggført, og data kan sporast tilbake til den som har produsert dei.
- Det finst alltid ein viss fare for at data som er lagra lokalt eller på nettet, kan komma på avvegar, og det skal difor ikkje lagrast sensitive opplysningar på kommunen sine digitale einingar og nett.
- Bergensskolen følger Datatilsynets reglar om offentleggjering av biletar på nett, og biletar av elevar under 15 år skal vera godkjent av foreldra før ei eventuell publisering.

### **Eg skal**

- ta vare på det digitale utstyret og programvarene til skulen
- halda passordet mitt for meg sjølv
- meldar frå til skulen og laga eit nytt passord, dersom passordet kjem på avvegar
- alltid oppgi kjelder viss eg nyttar andre sine biletar, tekstar, lydopptak eller filmar
- berre ta eller dela biletar, film eller lydopptak av andre dersom desse samtykkjer til dette
- meldar frå til skulen og lukka nettsidene dersom det kjem opp sider med pornografisk, rasistisk, nazistisk eller anna krenkande innhald

### **Eg skal ikkje**

- mobba, diskriminera eller komma med hatefulle ytringar på nettet
- publisera eller skriva innlegg på nettet med krenkande innhald
- bestilla varer og tenester via datautstyret til skulen
- söka etter, skriva ut, setta bokmerke, lagra eller dela sider eller innhald med pornografisk, rasistisk, nazistisk eller anna krenkande innhald
- dela rettsverna materiale som mitt eige

**Eg skal følga skulen sine reglar for handtering og riktig bruk av digitalt utstyr. Eg veit at dersom eg ikkje følger desse reglane, kan eg verte fråteken tilgang til skulens digitale utstyr, program og internettbaserte tenester i ein periode.**